

Ann Iren Laupsa  
Høgåsen 12  
5410 Sagvåg

30.09.13

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091  
Majorstua 0301 Oslo

## Gjeld søknad om “Uttak av vatn og regulering av Storavatnet”

Viser til søknad frå Erko Settefisk as om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet i Stord kommune.

Som oppsitjar i området Høgåsen/Sætrevik er eg sterkt imot at eit slikt løyve vert gjeve. Pr i dag er Storavatnet og området rundt mykje nytta til rekreasjon og friluftsliv. Sær mange av bebuarane i Høgåsen/Sætrevik nyttar området mykje, sjølv om byggefeltet vårt ikkje ligg i direkte tilknytting til vatnet. Storavatnet vert brukt til turar, bading, fiske, båtliv, kano og så mykje meir.

Noko av det unike med Storavatnet i dag, er mogleiken ein har til å kome seg gjennom alle dei små sund med båt/kano. Storavatnet er langstrakt og djupna i vatnet varierer mykje. Sjølv små uttak vil forringa vatnet og føre til store endringar. Ein ser allereie i dag at vatnet er sårbart, kun med dei naturlege endringane som veret fører med seg. Difor er det viktig at ein tek vare på vatnet som det er, og ikkje utset det for endringar som kan, og mest sannsynleg vil, endre alt frå fugle- og dyreliv, til mogleiken for rekreasjon og friluftsliv.

Det er mange i området som uroar seg for kva konsekvensar eit slikt løyve vil få.

Bed difor om at NVE høyrer på dei utsegna som kjem inn, og lar natur- og menneskelege interesser gå føre nærings- og økonomiske interesser.

Med helsing

Ann Iren Laupsa  
Busett i Høgåsen